

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

14. søndag i treeiningstida, vingardssøndagen – 14. september 2014

Preiketekst: Matt 20, 1-16

Lesetekst I: Jes 27, 2-6

Lesetekst II: 1 Kor 1, 1-3

Ei lekse om nåde

Gud er på leiting

Vi kan sjå han for oss, vingardseigaren, ivrig etter å få avlinga i hus. Heile dagen er han raustlaus på leiting etter arbeidsfolk. Eller – han liknar på den kjærleikssjuka faren som speida etter sonen som hadde drege heimanfrå? Og endå han var langt borte, fekk faren sjå han og fekk han inderleg kjær.

Slik er himmelriket. Slik er Gud. Og slik er han den dag i dag! Gud er på leiting etter folk som vil vere medarbeidarar – for han vil at alle skal verte frelste! Han er på rastlaus leiting etter folk for å føre dei inn i sitt rike!

Himmelriket er eit annleisland

I denne likninga vil Jesus utan tvil undervise oss om korleis vilkåra for arbeid og løn er i himmelriket. Her får alle same løn – uansett lengde på arbeidsdagen. Slike reglar for lønspolitikk stod stikk i strid med det jødane tenkte då dei den gongen høyrde Jesu undervisning, og på same måte i full kollisjon med det vi i vårt samfunn lærar om motivasjon for arbeid og innsats i våre dagar. Sjølv sagt reagerte arbeidarane som hadde drive på heile dagen! Men så vil heller ikkje Jesus undervise korkje jødar eller oss andre korleis vi skal ordne oss i arbeidslivet i samfunnet.

Men her ønskjer Jesus å seie oss alle noko om korleis det er å kome inn i Guds rike, og korleis Gud handlar med oss i sitt rike. Himmelriket er eit annleisland. Skulle du og eg få betalt etter kva vi har fortent – uansett arbeidsøkt i år eller timar, hadde vi aldri kome inn, men vore evig fortapte.

Jesus fortel oss denne likninga for å fortelje oss noko om korleis Gud forvaltar sin nåde. Kva er Guds nåde? Handlar den om forteneeste – og etter oppteljing av arbeidstimar og moralske prestasjonar? Nei. Guds nåde er ei gåve. *”Men ufortent og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus”*, skriv apostelen i Rom 3, 24. Gud held det han lover. Alle får løn etter den nåden som Jesus skaffa ved at han fullførte frelsens verk på Golgata. Og den nåden rekk det å dele ut av til alle syndarar – til alle tider – så lenge jorda sviv.

Er Gud urimeleg?

Det kan virke noko urimeleg med måten Gud forvaltar nåden. Kva for arbeidsgivar med noko sans for rettferd, gir like mykje for ein time som for tolv timars arbeid?

Vi ”langtidskristne” kan kjenne på misunning og mistru overfor ein person som har sløst liv og helse bort på tida sine syndefulle arenaer, og plutselig vert overmanna av Guds nåde og ”heilfrelst” på ein time. Og vi kan kjenne ikkje så lite sympati med den heimeverande sonen, som var sint då faren slakta gjøkalven og laga fest for den ranglefantan av ein bror, som hadde forspilt heile farsarven. Han som trufast hadde tent faren år ut og år inn, hadde ikkje eingong fått så mykje som eit kje for å feste saman med venene sine.

Ei gåve

Forstår du? Jesus vil gi oss ei lekse om nåde. Himmelriket er ei merkeleg innretning. Det hadde aldri vorte vårt, om vi ikkje hadde fått det – av nåde. Gud deler ikkje ut nåden etter timeløn-reglar her i verda. Nåden vert ikkje rekna ut etter kven som kom først eller sist. Nåden får vi ta imot som ei gåve, - ikkje noko vi treng å streve for å fortene. Då hadde vi aldri lukkast. Men Jesus lukkast...

Jesus har i fleire likningar vist oss kor sentral og sterk nåden er i himmelriket sine saker. Vi ser den i faren som speida etter den bortkomne sonen, og korleis han spring han i møte. Vi ser nåden i herren som set ein strek over ei gjeld, som er altfor stor til at tenaren kan makte å betale han tilbake.

Og vi ser korleis Gud i sin nåde i denne likninga, let arbeidsgivaren gi same løn til arbeidarane – uansett arbeidstimar.

Og det heile begynte med Gud som allereie i tida sin morgon bestemte seg for å sende oss Sonen sin til soning for syndene våre. Derfor kan han til alle tider – og i dag - byte unåde med nåde. Derfor heiter det (Ef 2, 7 - 8): ... *så han i dei komande tider kunne visa kor overstrøymande rik han er på nåde, og kor god han er mot oss i Kristus Jesus. For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.*

Kåre Ekroll

Redaktør for Ungdom & Tiden og Utsyn, NLM, i mange år. Nokre år pastor i Frikyrkja. Bur på Talgje. No pensjonist.

kaare_ekroll@yahoo.no